

Vekeplan for 1.trinn

Frøyland skule



Veke 36

Dette arbeidar vi med:	
Norsk	Bokstavane Oo og Ll
Matematikk	Tala: 1,2,3,4 og 5
Engelsk	Engelske songer
Sosialt/Livsmeistring	Venskap

Lekse til	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Norsk	Les lesearket om «o» som ligg i postmappa di.	Les lesearket om «o» som ligg i postmappa di.	Les lesearket om «l» som ligg i postmappa di	Les lesearket om «l» som ligg i postmappa di
Vekelekse	Matematikk: Gjer mattearket som ligg i postmappa			

Timeplan

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.økt 08.30-10.00	Leik Samling Norsk	Leik Samling Norsk	Leik Samling Norsk	Leik Samling Norsk	Leik Samling Norsk
10.00-10.15	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
2.økt 10.15-11.10	Matte	Matte	Gym	Matte	Matte
11.10-11.30	Mat	Mat	Mat	Mat	Mat
11.30-12.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
3.økt 12.00-13.00	Uteleik	Livsmeistring Engelsk	Leik	Læreløype	Kunst&Handverk
13.00-13.15	Friminutt				
4.økt 13.15-14.15	Uteleik				
Slutt	14.15	13.00	13.00	13.00	13.00

Informasjon til heimen:

Skuledagen startar 08.30 kvar dag. Elevar som ikkje har morgontilbod på SFO ventar ute til skulen startar. Ber om at ingen går inn i gangane/klasseromma etter 8.15.

Fotografering: 1. trinn skal fotograferast, fredag 18. september. Det blir tatt både klassebilete og portrett, som de får moglegheit til å bestille.

Postmappe: Elevane får ei plastmappe som skal liggje i sekken der vi legg lekser og informasjon. Vi samlar inn mappa kvar fredag og legg i nye lekseark. Elevane får postmappa i sekken på måndagar. Mappa skal alltid liggja i sekken. Ver grei å rydd i mappa innimellom 😊

Mat/frukt: Elevane har med matpakke med vanleg sunn mat. Dei kan også ha med seg ei frukt eller grønnsak som dei kan ha i 10- friminuttet.

Mjølkk og frukt: Bestilling av skulemjølk og frukt gjer ein på nettet. www.skolelyst.no Det kan ta ei stund frå ein bestiller til eleven får mjølk på skulen. Men vi får oppdaterte lister etterkvart som nye bestillingar kjem inn.

Drikkeflaske: Dei som ønskjer å ha ei drikkeflaske på skulen tek den med seg. Hugs å merke den med navn. Denne kan stå i klasserommet, så sender vi den heim innimellom for vask.

Skifteklede: Elevane må ha ekstra skift på skulen som ligg i ein pose i garderoben. Truse, bukse og sokker er ekstra viktig. I tillegg må dei ha regnkledde og støvler. Hugs å merke kleda!

Innesko/tøfler: Det kan vera dei same skoa som dei brukar i gymtimane. Fint om det er sko som er lette å ta av og på sjølv.

Gymsko: Det vert gym kvar onsdag i 2.time. Til gymtimane kan det vere greitt å ha ei t-skjorte under kleda. Ta med gymsko (joggesko), desse kan oppbevarast på skulen dersom elevane ikkje treng dei til noko anna.

Sjukdom: Dersom elevane er sjuke må de melda frå om dette i Visma Flyt Skole før skulestart slik at me veit at elevane ikkje kjem.

SFO: Dersom elevane ikkje skal på SFO ein dag må de gje beskjed til SFO via Visma Flyt Skole. Det er ikkje nok at elevane seier i frå munnleg. Skuledagen startar 08.30 kvar dag. Elevane som ikkje har morgontilbod på SFO ventar ute til skulen startar.

Berit arbeider ikkje på onsdager. Det er Trude som har 1A denne dagen.

Vekeplan og anna informasjon finn de på skulen si heimeside:

www.minskole.no/froyland

Ta gjerne kontakt med oss dersom de lurar på noko: mail/telefon/Visma. Vi ønskjer at de sender gruppemelding slik at alle lærarane på trinnet får beskjedane og kan legge til rette for elevane våre.

Vi ønskjer alle ei fin veke 😊

Helsing

Ingrid, Susanne, Camilla, Gunn Jane, Trude, Olga, Anita, Berit og Brita